

Lysdekorerte hagar og hus skaper julestemning.

09.12.2018



Huset og hagen til Gunn Mari og Asle Moberg er kvart år noko av det beste vi ser av juledekorasjon ute.

**Uskedalen.no har før skrive om den stora og den vetla grano i sentrum og lysdekoren på Gamleskulen. I dette innlegget vil vi ha fokus på andre kreative tiltak for å skapa julestemning. Eit omfattande arbeid med å få på plass lyslenjer tek til i slutten av november og held fram til ei veke før jul. Redaksjonen har vald ut tre lysdekorerte hagar og hus der arbeidet er gjort med omtanke utan noko form for overdriving.**

Asle Moberg på Neset er ein meistar med lysdekor. Han har fått laga eige juletre i stål som er plassert i sentrum på plenen. Installasjonen er vedlikehalds fri og med høveleg mengde lys, er Moberg sitt påfunn svært vellukka. Huset og eigendom er julepynta. Slik huset ligg med frontar både mot bygda og sjøen, er plassen eit vakkert syn i den myrke vinterkvelden og natta.



Den julepynta sykkelen og hagen i sentrum skaper merksemd for alle forbipasserande.

Det er noko som heiter Jul i svingen. Erlend Haugland med julepynta sykkel og stor julenis i isopor må seiast å vera Jul langs Fylkesveg 48. Familien i huset overfor Zjakk frisørsalong syner enno ein gong kreative evner og gler alle forbipasserande med julestemning.

Det mest originale er likevel Julebåten til Janne Guddal og Arvid Hjelmeland på Kråkehagen. Ei 20 fots Sørlandssnekker med 4 HK Marna bensinmotor er plassert i hagen med akterenden inn mot tunet og baugen i front for alle som kjem til tuns. Snekkja er julepynta og inni båten sit ein liten nisse. Julebåten var Amerikalinja sin Bergensfjord som kom til Bergen fra New York tett oppunder jul. Arvid Hjelmeland har gjeskapt julebåten heime i hagen.

Dersom du ynskjer å syna fram gode døme på julepynta hus, hagar, gjenstandar, ja, så sendt til [uskedalen.no@gmail.com](mailto:uskedalen.no@gmail.com). Hugs at du skriv litt om arbeidet og tanken bak prosjektet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Julebåten i hagen til Janne Guddal og Arvid Hjelmeland er eit artig påfunn. I fronten i rimfrosten sit ein liten nisse.